



Referanser: KM 08/17, KR 26/16, KR 41/16, KR 13/17, KR 17/17, KR 64/17

Arkivsak: 17/03548-14

Framtidig organisering av Kirkelig utdanningscenter nord

Sammendrag

Med verknad frå 1. januar 2017 vart Kirkelig utdanningscenter nord / Girkolaš Oahpahušguovddáš Davvin (KUN) ved verksemdsoverdraging overført til det nye rettssubjektet Den norske kyrkja, som ei følge av endringa i kyrkjelova 27. mai 2016. Kyrkjemøtet vedtok i 2017 nye reglar for KUN, til erstatning for det tidlegare regelverket.

I samband med førebuinga til å overta ansvaret for KUN vart det klart at det vil vere tilnærma umogleg å vidareføre drifta ved senteret i noverande form. Grunnen til dette er stadig strengare kompetansekrav, noko som gjer at vidare verksemd ved KUN etter den noverande modellen truleg vil medføre at senteret sjølv ikkje lenger kan tilby høgare utdanning, heller ikkje ved avtalar med akkrediterte institusjonar, men er avhengig av ei tettare tilknytning til éin institusjon på universitets- og høgskolenivå.

Verksemda til KUN har stor verdi for Den norske kyrkja, mellom anna som reiskap i rekruttering av nye kyrkjelege medarbeidarar og som eit kyrkjeleg fagsenter i nord. På grunn av vanskane med den eksisterande driftsforma meiner Kyrkjerådet derfor at den mest tenlege måten å vidareføre verksemda til KUN på vil vere gjennom ei ny organisering med sterkare tilknytning til ein institusjon innanfor universitets- og høgskolesystemet som har akkreditering for heile eller delar av det studietilbodet KUN gir. Den norske kyrkja kan så yte eit økonomisk tilskot til den mottakande institusjonen om lag tilsvarande det som krevst for drift på same nivå som i dag.

Kyrkjerådet har på denne bakgrunnen gått ut med eit tilbod til aktuelle institusjonar om å overta KUN ved ei verksemdsoverdraging. VID vitenskapelige høgskole har stilt seg positiv til på denne måten å overta ansvaret for KUN, og det blir inngått ein avtale med denne institusjonen som går ut på at VID overtek KUN gjennom ei verksemdsoverdraging dersom Kyrkjemøtet vedtek det.

Dette inneber at Kyrkjemøtet må oppheve dagens reglar og opne for ei slik reorganisering.

Forslag til vedtak

Kyrkjerådet rår Kyrkjemøtet til å gjere følgjande vedtak:

1. Kyrkjemøtet opphevar dagens reglar for Kirkelig utdanningscenter nord / Girkolaš Oahpahusguovddáš Davvin med verknad frå den tid Kyrkjerådet fastset.
2. Kyrkjemøtet gir Kyrkjerådet fullmakt til ei verksemdsoverdraging av KUN frå Den norske kyrkja til VID vitenskapelige høgskole.
3. Kyrkjemøtet ser det som verdifullt for Den norske kyrkja at drifta ved KUN blir ført vidare på linje med drifta i dag.
4. Kyrkjemøtet har ein intensjon om inntil vidare å gi senteret eit tilskot til vidare drift. Tilskotet blir gitt under desse føresetnadene:
 - Overtakande part får ansvaret for, anten direkte eller gjennom avtalar med andre akkrediterte institusjonar, å gi studiepoenggivande praktisk-kyrkjeleg utdanning etter NOKUT-standardar og etter dei utdanningskrava Den norske kyrkja stiller til prest, kateket, diakon og kantor.
 - Studietilbodet skal ha utgangspunkt i ein lokalitet i Tromsø. Fagmiljøet i Tromsø skal ikkje reduserast.
 - Studietilbodet skal utformast på ein måte som gjer det mogleg å ta utdanninga på deltid.
 - Drifta skal vidareføre fokus på nordnorsk kontekst og på samiske og kvenske perspektiv.

Saksorientering

Innhald

Bakgrunn	s. 3
Utviklinga av senteret	s. 3
Behovet for endring av status	s. 4
Høyring om nytt regelverk for KUN sommaren 2016	s. 5
Nærmare om dei krava NOKUT stiller til studiekvalitet	s. 6
Vidare framdrift på bakgrunn av vedtak i Kyrkjemøtet i 2017	s. 6
Tilbod om verksemdsoverdraging	s. 7
Vidare prosess med verksemdsoverdraging	s. 8
Økonomiske og administrative konsekvensar	s. 8

Bakgrunn

Med verknad frå 1. januar 2017 vart Kirkelig utdanningssenter nord / Girkolaš Oahpahuosguovddáš Davvin (KUN) ved verksemdsoverdraging overført til det nye rettssubjektet Den norske kyrkja som ei følgje av endringa i kyrkjelova 27. mai 2016. Kyrkjemøtet vedtok i 2017 nye reglar for KUN til erstatning for det tidlegare regelverket.

Under førebuingane til å overta ansvaret for KUN vart det klart at det vil vere tilnærma umogleg å vidareføre drifta ved senteret i same form som no. Grunnen til dette er stadig strengare kompetansekrav. Desse krava er det NOKUT som stiller, og tilsynet av dei er formulert i studietilsynsforskrifta. Krava som blir stilte i denne forskrifta, gjer at KUN ikkje kan få sjølvstendig akkreditering som institusjon eller for nokon av studietilboda sine. Slik har det òg vore tidlegare, noko som har vore løyst gjennom samarbeidsavtalar med akkrediterte institusjonar som har tildelt studiepoeng. Men den nye forskrifta stiller strengare krav til kva rolle dei akkrediterte institusjonane skal spele i eit slikt samarbeid, og det gjer at vidare verksemd ved KUN etter den noverande modellen truleg vil føre til at senteret ikkje lenger kan tilby høgare utdanning på same nivå som til no.

Verksemda ved KUN har stor verdi for Den norske kyrkja, mellom anna som reiskap for rekruttering av nye kyrkjelege medarbeidarar og som eit praktisk-kyrkjeleg senter i nord. På grunn av vanskaner med noverande driftsform vurderer Kyrkjerådet derfor å finne ei ny og robust organisering av verksemda ved KUN. Kyrkjerådet vurderer det slik at ei verksemdsoverdraging til ein institusjon innanfor universitets- og høgskolesystemet som har akkreditering for heile eller delar av det studietilbodet KUN gir, ser ut til å vere mest aktuelt. Dersom dette blir ein realitet, vil Den norske kyrkja kunne yte eit økonomisk tilskot til den mottakande institusjonen om lag tilsvarande det som er utgiftsnivået i dag.

Dette inneber at Kyrkjemøtet må oppheve dei reglane som gjeld i dag, og opne for ei slik omorganisering.

Utviklinga av senteret

Kirkelig utdanningssenter nord er lokalisert til Tromsø og tilbyr i dag eittårig praktisk-kyrkjeleg utdanning til prest, diakon, kateket og kantor. Utdanninga legg vekt på det tverrfaglege, på nordnorske forhold og praksisorientering i verksemda. Mange av studentane går på samlingsbasert deltidsstudium over litt lengre tid.

Senteret vart sett i gang som eit fireårig prøveprosjekt frå 1998, finansiert over statsbudsjettet og underlagt Det praktisk-teologiske seminar (PTS). I 2003 vart KUN omgjort frå prosjekt til ein permanent institusjon, framleis underlagt PTS.

Teologisk fakultet ved Universitetet i Oslo (TF) gav i første omgang ei mellombels godkjenning av den samla presteutdanninga, som vart gitt i samarbeid med Universitetet i Tromsø. Frå 1. juli 2014 gav TF ei permanent godkjenning av mastergrad i religionsvitenskap, studieretning teologi ved UiT og praktisk-teologisk utdanning frå KUN som likeverdig med cand.theol.-graden. Dette gjorde det mogleg å ta full presteutdanning i Tromsø. Avtalen med TF vart 1. desember 2016 avløyst av ein tilsvarande avtale med VID vitenskapelige høgskole.

Senteret har i dag ei rektorstilling (kombinert administrativ og fagleg stilling), tre heile fagstillingar og ei førstekonsulentstilling. To i staben har i dag førstestillingskompetanse, men det er venta at dette vil auke til tre ved tilsetjing av ny faglærer for fagområdet prest. Fordi KUN ikkje er underlagt universitets- og høgskolelova, har senteret i dag ingen formelle kompetansekrav for dei fagtilsette, men ved tilsetjingar i dei ulike fagstillingane blir det lagt stor vekt på dei kompetansekrava NOKUT stiller, på bakgrunn av dei ambisjonane KUN har om fagleg nivå tilsvarande ein akademisk institusjon med forskingsbasert undervisning. For rektor er det dessutan eit krav at vedkomande må vere vigsla til teneste i Den norske kyrkja.

Hovudfokus for senteret er praktisk-kyrkjeleg utdanning av studentar til kyrkjeleg teneste. Målsetjinga er i dag å kunne rekruttere 20 studentar i året. Dei siste åra har ein vore nokså nær dette målet. Brorparten av dei som blir utdanna, er prestar, men KUN tilbyr òg praktisk-kyrkjeleg utdanning for diakonar, kantorar/organistar, kateketar og trusopplærarar. Dette har til no skjedd gjennom samarbeidsavtalar med VID, som er ansvarleg for preste- og diakonutdanninga, Kunstfagleg fakultet – Konservatoriet ved UiT og Universitetet i Nordland knytt til kantor-/organistutdanning og kateketutdanning. Det er desse institusjonane som til no har hatt det formelle faglege ansvaret for dei ulike utdanningane og har delt ut studiepoeng.

I perioden 2012–2016 er det, etter det KUN opplyser, avlagt følgjande eksamenar på praktikum første semester (PK I): studieretning prest: 25, kateketikk: 6, kyrkjemusikk: 6 og diakoni: 1 (diakoni har berre krav om 30 stp. praktisk-kyrkjeleg utdanning på masternivå). På avsluttande praktisk-kyrkjeleg utdanning (PK II): studieretning prest: 35, kateket: 2, kyrkjemusikk: 6 og diakoni: 3.

Gjennom dei ulike samarbeidsavtalane har KUN medverka til at det har vore tilbod om full preste-, kantor-, diakon- og kateketutdanning i Nord-Noreg (med unntak av nokre delar av diakonutdanninga på masternivå).

Undervisninga ved senteret har som mål å vere forskingsbasert, og det har i dei seinare åra vore ein relativt jamn produksjon av publisert forskning. Delar av forskinga og undervisninga har samisk eller kvensk profil, med utgangspunkt i landsdelen.

Rekruttering er òg eit sentralt fokus for senteret. Det er arbeid i form av eigne kurs/samlingar, nettside og deltaking i ulike samanhengar, både på nasjonalt plan og spissa mot nordnorske og samiske forhold.

Senteret driv dessutan etter- og vidareutdanningsarbeid, stort sett i form av ulike kurstilbod. For KUN er det ei målsetjing å kunne tilby poenggivande kurs, saman med samarbeidspartnarane.

Ein del av presentasjonen KUN gir av seg sjølv som praktisk-kyrkjeleg utdanningsinstitusjon, er å vise at senteret står på to bein: eit kyrkjeleg og eit akademisk. KUN har vore oppteke av at dette er balansert. Den tilknytninga senteret har til verksemd og program innanfor Den norske kyrkja, kjem til uttrykk ved at institusjonen viser lojalitet til kyrkjelege planar og målsetjingar, og at Den norske kyrkja er representert i styrande organ i KUN. Dei fleste av dei tilsette lærarane i KUN er ordinerte eller vigsla.

Behovet for endring av status

I arbeidet med å overta KUN vart det tidleg klart at det var store strukturelle utfordringar knytte til den statusen KUN har som leverandør av kyrkjeleg utdanning. Dette var problemstillingar som gjekk tilbake til starten av kvalitetsreforma i 2004, og som delvis har hatt samanheng med statusen til KUN som ein del av PTS og den særleine statusen til denne institusjonen i utdanningssystemet. Hovudproblemet har heile tida vore akkreditering, og eit vedtak i departementet så tidleg som i 2006 som gav KUN ein sjølvstendig status i forhold til PTS, vart som ei følgje av manglande akkreditering aldri sett i verk.

Dei første åra av verksemda til KUN vart behovet for akkreditering løyst gjennom ein avtale med Teologisk fakultet, som stod som fagleg garantist og den som formelt tildelte studiepoeng. Denne avtalen vart seinare avløyst av meir formelle avtalar knytte til dei ulike faga, med dei institusjonane som tidlegare er nemnde. Desse institusjonane har det formelle ansvaret for den utdanninga som blir gitt i dei ulike fagdisiplinane, medan KUN har stått for undervisning, prøving og annan kontakt med studentane.

Høyring om nytt regelverk for KUN sommaren 2016

Etter nokre signal frå KUN våren 2016 tok ein i Kyrkjerådet til å tvile på om dagens organisering kunne vidareførast. Denne tvilen vart styrkt i høyringa om KUN sommaren 2016.

Den akademiske statusen til KUN var berre indirekte eit tema i høyringsnotatet. Det utgjorde likevel ein vesentleg del av høyringssvara, særleg frå dei akademiske institusjonane. Både fråsegnene frå Menighetsfakultetet (MF), TF/PTS (felles fråsegn) og VID vitenskapelige høgskole peikar på grunnleggjande utfordringar ved forslaget om KUN som ein sjølvstendig institusjon. Desse høyringsinstansane er til dels sterkt kritiske til at KUN har høve til å drive utdanning på universitets- og høgskolenivå. Dette blir uttrykt av VID på denne måten:

KUN er som kjent hverken akkreditert som institusjon eller har akkrediterte studietilbud, og vil følgelig måtte ha status som ekstern aktør og samarbeidspartner for en eller flere akkrediterte institusjoner.

MF er spørjande til påstanden i høyringsnotatet om at KUN på dette grunnlaget i det heile kan gi full utdanning for dei fire vigsla tenestegruppene, og korleis ein skal sjå det i samanheng med dei utdanningskrava Kyrkjemøtet stiller til desse gruppene. MF seier vidare:

Allerede i den nåværende ordning, med KUN underlagt PTS, som i samarbeid med TF/UiO gir studiepoeng og tildeler graden, er det tvilsomt om det kan sies å ligge innenfor regelverket. Det er de tre institusjonene som har rett til å tildele cand.theol.-graden, som kan gi (individuelle) ekvivaleringer, og tildele graden til enkeltpersoner. Gjennom en særskilt ordning har TF/UiO tildelt cand.theol.-graden til kandidatene fra UiT/KUN, under forutsetning av at bemanningen i teologi på UiT har vært tilstrekkelig, noe den i lange perioder ikke har vært. Avtalen med UiO/TF fra 2014 vil jo nå falle bort, og det er vanskelig å se hvordan en gjennomgang fra NOKUTs side vil komme heldig ut. Det er nemlig ikke tilstrekkelig å ha avtaler med akkrediterte (poenggivende) institusjoner.

VID peikar på si side på at:

KUN vil derfor bare kunne ha et indirekte ansvar for studiene som man utfører i samarbeid med andre institusjoner. Med en slik ansvarsfordeling vil det dermed være misvisende å si at KUN tilbyr studier.

Både MF og VID legg vekt på vanskane knytte til at store delar av studieløpet blir tekne hand om av institusjonar som ikkje sjølv har rett til å tilby høgare utdanning. Begge viser i høyringsfråsegnene sine til at signala frå NOKUT på dette feltet i seinare tid har ført til at ei rekkje samarbeidande institusjonar som kan samanliknast med KUN, er bedne om å avvikle studietilbod.

VID konkluderer derfor med ei tilråding om at KUN ikkje blir etablert som ein sjølvstendig institusjon:

VIDs oppfatning er at KUN som tilbyder av studier ikke bør etableres som egen enhet med eget styre under Kirkerådet, men bør sikres en sterkere integrasjon med en annen akkreditert utdanningsinstitusjon, og da fortrinnsvis med den type kirkelig utdanningsportefølje som KUN til nå har tilbudt.

TF/PTS uttrykte seg mindre radikalt, men gjorde framlegg om at det bør takast inn i reglane for KUN at senteret må inngå avtalar med akkrediterte institusjonar for studietilboda sine.

Nærmare om dei krava NOKUT stiller til studiekvalitet

NOKUT er det tilsynsorganet statlege styresmakter har for kvaliteten på høgare utdanning. Tilsynet fastset med heimel i universitets- og høgskolelova *forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høgare utdanning* (studietilsynsforskrifta). Siste versjon av denne forskrifta er frå 7. februar 2017.

Forskrifta stiller krav om at fagmiljøet har tilstrekkeleg storleik og fagleg tyngd. I § 2-3, punkt 4, heiter det: «*Minst 50 prosent av årsverkene tilknyttet studietilbudet skal utgjøres av ansatte i hovedstilling ved institusjonen. Av disse skal det være ansatte med førstestillingskompetanse i de sentrale delene av studietilbudet.*» For KUN som ein tilslutta institusjon utan eiga akkreditering vil dette seie at mindre enn halvparten av undervisninga i alle dei fire fagdisiplinane som senteret dekkjer, kan utførast av KUN sine egne tilsette. I lengda vil dette vere ein uhaldbar situasjon for KUN både organisatorisk, fagleg og økonomisk, samtidig som senteret kjem i ein sårbar situasjon ved at det til kvar tid er avhengig av gode avtalar for å kunne eksistere vidare.

Den nye studietilsynsforskrifta har som eit uttala siktemål å tydeleggjere det ansvaret universiteta og høgskolane har for å kvalitetssikre og vidareutvikle eigen studieportefølje. Dette gjeld både ved akkreditering av nye studietilbod og i utviklinga av eksisterande tilbod i porteføljen. Dei akkrediterte institusjonane har altså fått eit meir sjølvstendig ansvar for å sjå til at studia er i tråd med forskrifta. Dette har som (tilsikta) konsekvens at institusjonane i framtida vil passe nøye på at fagtilboda er innanfor gjeldande regelverk.

Vidare framdrift på bakgrunn av vedtaket i Kyrkjemøtet i 2017

Sjølv om det allereie hausten 2016 var tydeleg at KUN vanskeleg kunne halde fram på same grunnlag som før, førebudde Kyrkjerådet ei sak om vedtak av reglar for KUN i Kyrkjemøtet i januar 2017. Grunnen til dette var at det ikkje var tid til å utreie alternativ organisering før årsskiftet, og KUN var avhengig av eit regelverk som grunnlag for senteret etter at det tidlegare regelverket fall bort. I forslaget til vedtak var det derfor lagt inn eit punkt som gav Kyrkjerådet fullmakt til å arbeide vidare med framtidig organisering av KUN.

Komitémerknadene frå behandlinga av saka i Kyrkjemøtet understrekar kor viktig det er å finne gode løysingar for KUN. Det heiter m.a.:

Videre vil komiteen vise til at det i høringen ble sådd tvil om det er mulig å videreføre virksomheten ved KUN i den form den har hatt til nå. Komiteen understreker viktigheten av at det finnes en langsiktig løsning for den praktisk-kirkelige utdanningen i nord.

Komiteen understreka vidare at endringar i organisasjonsforma til senteret vil måtte leggjast fram for Kyrkjemøtet til vedtak. Det endelege vedtaket i Kyrkjemøtet i 2017 viser òg at Kyrkjemøtet primært ønskte å satse på noverande organisasjonsform:

Kirkemøtet understreker viktigheten av å ha en praktisk-kirkelig utdanning i nord. KUNs studietilbud for utdanning foregår på grunnlag av avtaler med institusjoner som er akkreditert på universitets- og høyskolenivå. Kirkemøtet ber Kirkerådet ha sin oppmerksomhet på disse avtaler, og hvis nødvendig utrede alternativer for KUN.

Som det alt er gjort greie for, ser ikkje Kyrkjerådet det som realistisk å halde fram med vidare drift på grunnlag av avtalar. Ein meiner derfor det er i tråd med vedtaka i Kyrkjemøtet å prøve å finne alternative løysingar.

Tilbod om verksemdsoverdraging

Mellom anna etter samtalar med rektor og styret i KUN kom Kyrkjerådet i juni 2017 fram til at den beste løysinga vil vere at heile senteret blir overført til ein institusjon innanfor universitets- og høgskolesystemet, etter ein open prosess der alle potensielle interessantar blir orienterte og kan konkurrere om KUN ut frå like kriterium. Det vart dermed vedteke å gå vidare etter desse linjene, og å førebu ei sak til Kyrkjemøtet i 2018, for å oppheve dei noverande reglane for KUN. (KR 17/17)

Det vart deretter gjort eit utspel i form av eit brev med tilbod om å overta KUN ved verksemdsoverdraging til institusjonar ein vurderte som potensielle overtakarar av KUN, dvs. dei tre institusjonane som tildeler cand.theol.-grad: Teologisk fakultet, Menighetsfakultetet og VID vitenskapelige høgskole, og UiT Noregs arktiske universitet og Universitet nord. Tilbodet om å overta KUN vart òg gjort offentleg via kyrkja.no, og fekk ein del presseomtale (Dagen, 9. september 2017).

Tilbodet om verksemdsoverdraging inneber at den mottakande parten overtek verksemda som blir driven av KUN, inklusive arbeidsgivaransvar for tilsette og dei driftsmessige pliktene senteret har. Det vart i brevet også uttrykt ein intensjon om, i det minste i ein overgangsperiode, å dekkje kostnadene med drifta på om lag same nivå som i dag, under visse føresetnader. Desse vart i tilbods brevet formulerte slik:

- Overtagende part får ansvaret for, enten direkte eller via avtaler med andre akkrediterte institusjoner, å gi studiepoenggivende praktisk-kirkelig utdanning etter NOKUTs standarder og etter Den norske kirkes utdanningskrav for prest, kateket, diakon og kantor.
- Studietilbudet skal ha en forankring til Nord-Norge, og studietilbudet gis med utgangspunkt i en lokasjon i Tromsø. Fagmiljøet i Tromsø skal ikke minskes.
- Studietilbudet skal utformes på en måte som gjør det mulig å ta utdanningen på deltid.
- Ambisjoner om å videreføre et fokus på nordnorsk kontekst og på samiske og kvenske perspektiver.

Ut over desse vilkåra vart det, med tanke på at det kunne kome fleire interessantar, kommunisert at Kyrkjerådet i ei vekting av ulike søkjarar også ville leggje vekt på desse kriteria:

- Høve til å utvikle fagmiljøet, tilgang til forskingsnettverk og forskingsmiljø og støtte til forskning og fagutvikling
- Vektlegging av det tverrfaglege
- Ambisjonar om å vidareutvikle studietilbod og/eller opprette fleire studietilbod
- At KUN blir bevart med ein grad av sjølvstende og som ei tydeleg eining innanfor institusjonen, og at senteret skal ha det same namnet som no, eventuelt med eit tillegg

Framtidig finansiering av KUN vil etter denne modellen vere avhengig av årlege tilskot til den mottakande parten, løyvde av Kyrkjemøtet. I dette ligg det ei uvisse knytt til den institusjonen som overtek ansvaret, ettersom ingen kan forplikte Kyrkjemøtet økonomisk meir enn eitt år om gongen. Tilskotet vil vere knytt til at tilskotsmottakaren oppfyller dei kriteria som ligg til grunn for tilskotet, og at Kyrkjemøtet også i framtida vil sjå behovet for eit kyrkjeleg utdannings senter i Tromsø. I dette ligg òg ein tryggleik for at verksemda ved KUN vil kunne vidareførast.

Tilbodet vart gitt med svarfrist 29. september. Innan den tid hadde Kyrkjerådet fått svar frå Menighetsfakultetet og UiT, som begge takka nei til tilbodet. Tilsvarande brev kom frå Teologisk fakultet veka etter.

Frå VID kom eit positivt svar. Denne institusjonen skisserte korleis ein kunne møte alle dei vilkåra og ønskemåla som var nemnde i tilbods brevet, og såg verksemda ved KUN i samanheng med den overordna strategien for VID. Etersom VID allereie har ein relativt omfattande samarbeidsavtale med KUN, framstod tilbodet også langt på veg som ei vidareføring av det samarbeidet som alt er innleidd. Men VID sette som vilkår for vidare drift i Tromsø på same nivå og i same form som i dag at Den norske kyrkja yter eit tilskot til drifta.

Vidare prosess med verksemdsoverdraging

Kyrkjerådet hadde etter dette eit møte med VID der det vart vedteke å setje i gang ein prosess med verksemdsoverdraging.

Dei formelle prosedyrane ved ei verksemdsoverdraging er særleg knytte til ansvaret for dei tilsette i verksemda – informasjonsplikt og medråderett for desse. Reglane for dette er felte ned i § 16 i arbeidsmiljølova. Alle tilsette har til no hatt ei kontinuerleg intern orientering og drøfting om saka, leidd av rektor ved KUN, og i den vidare prosessen vil det også bli arrangert formelle møte mellom tillitsvalde ved KUN og den øvste administrative leiinga i Kyrkjerådet.

Som det går fram av dette, vil ei verksemdsoverdraging av KUN tidlegast kunne skje i etterkant av eit vedtak på Kyrkjemøtet i 2018. Men det svært viktig for vidare drift av KUN at prosessen går så raskt som mogleg, og Kyrkjerådet tek sikte på at arbeidet med å identifisere ei tenleg framtidig organisering for KUN vil kunne gå parallelt med førebuinga av ei sak til Kyrkjemøtet.

Etter planen vil ein vilkårsbunden avtale med VID kunne signerast våren 2018. Avtalen vil måtte gjerast med atterhald om vedtak i Kyrkjemøtet.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Ved ei overføring av heile KUN til ein annan institusjon vil dei fem tilsette ved senteret bli verksemdsoverførte til ei anna verksemd saman med aktiva og passiva i senteret. Den norske kyrkja vil dermed ikkje lenger ha noko økonomisk ansvar for KUN. Senteret har for budsjettåret 2017 fått ei tildeling på fem millionar kroner til å dekkje verksemda si.

Administrativt ansvar for senteret, som administrasjonsavdelinga i Kyrkjerådet har i dag, vil også falle bort.

I ein avtale om at ein annan institusjon overtek KUN, ligg òg ein intensjon om at den mottakande institusjonen får eit årleg tilskot frå Den norske kyrkja som om lag svarar til det KUN kostar Den norske kyrkja ved tidspunktet for overgangen.

Kyrkjemøtet står i prinsippet kvart år fritt til å vedta om ein framleis ønskjer å gi tilskot til KUN eller ikkje. Tilskotet vil derfor vere avhengig av at Kyrkjemøtet ser seg tent med at den verksemda KUN driv, blir ført vidare. Knytt til tildeling av tilskot vil det òg vere eit årleg kontaktmøte med VID for å samtale om drifta og oppfyllinga av dei vilkåra som følgjer tildelinga.